

**Kort tilbakesyn: For mange har det handla om korleis vi har hatt det etter at SKL aksjane vart selde, tullet med konsesjonskrafta og det faktum at KS fekk ansvar for lærarane.**

**Dette har vorte prøvelse på prøvelse, særleg når vi har hatt ein stat som er meir påhalden.**

**Den har sett i gong**

**SFO, leksehjelp, helsereformar m.m for så å trekkja seg ut og så skal kommunane klara å dekkja stadig nye utgifter.**

**Kven skal bera dei nye byrdene til kommunane?**

**Kven skal betala rekninga?**

Før så var det slik at i kraftkommunen Kvinnherad så var det alltid ei råd. Når staten var ufin og kommunane gjekk i fella og byrja å selja seg ut så vart det problem. Det vart ei omfordeling av midlane i samfunnet. SKL-aksjane vart ikkje til velsigning for øvegidde svenskar på Gøtalandet. Deihamna der dei var planlagt å gå?, ganske fornuftig i BKK.

Eg tippar at vi har sete igjen med ca. ein tredje del av desse verdiane, medan 2/3 har skapt auka velstand hos bergensarane og har hjulpet dei med ymse byggeprosjekt? Sett frå hovudstaden så må dette vera ei gullkanta løysing. No var det lettare å få kontroll på Kvinnheringane, samstundes som dei i hovudstaden slapp unna litt av overføringsmaset til Vestlandet sin hovudstad, for dei har fått "lokalnaudhjelp" frå Kvinnherad? Såleis har Bergen fått fin utteljing for det regnet som gjekk forbi og som hamna i Kvinnherad.

I hovudstaden har dei fått behalda meir av pengestraumen frå Vest til seg og sitt. Genialt spør du meg.

Då lærarane skulle over til KS vart det snakka om at no ville det bli meir naturleg også å utbetala bonus om det skulle gå ekstra godt økonomisk? Kven bestemmer i så fall kva det skal gjevast bonus for? Kven er i så fall dei "bonfiserte"? Tenar dette fellesskapet sine interesser? Spørsmålet er av interesse for eg har aldri forstått når og kvifor kommunen plutseleg byrja selja ut deler av den kommunale bygningsmassen? Ofte er bygga dårleg vedlikehaldne og eg forstår ikkje at staten tillet dette når kommunane sit att med ein slikk og ingen ting.

Det er på høg tid at ein ser på korleis byrdene blir fordelte i samfunnet. Eg er redd for dei gruppene som meir og meir blir nedsylta i arbeid; tilsette ibarnehagane, dei tilsette ved aldersheimane og dei tilsette i skulane ikkje maktar å kjempa for sine rettar, der mellom anna kommunikasjonsreglarblokkerer.

Presset frå grasrota uteblir og underrapportering vert resultatet. Organisasjonane klarer ikkje målbera naturlege krav frå grasrota, dei går i same fella når dei ikkje tar seg tid til å lytta til grunnplanet.

Dei sterke og lure får meir av midlane som samfunnet skaper og staten slepp unna krav og forventningar frå grasrota?

Dersom vi får MEGA skular så går lærarane inn i nye prøvelsar. Lærarane har, samanmed andre grupper i kommunane, fått lite igjen av velstandsutviklinga elles i samfunnet. Oljealderen har flagra forbi mange av oss. Er det rett at lærarane igjen skal gå inn i nye tiår med tyngre og tyngre vilkår og ansvar for større og større grupper?

Kven skal få meir av velsigninga frå kraftselskapa, konsesjonskrafta?

Skal det gudgitte regnet drypa på færre og færre?

For vi bur vel framleis i ein kraftkommune?

Kven skal ha midlane frå Folgefonntunnelen som snart er nedbetalt?

Kor lenge skal vi ha folk i stillingar som har stengt seg ute for kontakt med grasrota: I periodar har eg sett det slik at rådmannsteamet like gjerne kunne ha sete i Oslo eller København. Det vi treng er folk lokalt som bryr seg om oss og som vil sloss for våre rettar, så får hovudstad vera hovudstad? Dei burde ha nok folk til å tala for seg og sitt. Men det må seiast. For oss er på golvet så er det vanskeleg å vita korleis spelet eigentleg er og har vore.

Ein kan og lura på avisene. Er dei frie og uavhengige? Kor flinke er dei til å påpeike konsekvensane av ulike vegval? Skal dei berre spegla makthavande sine interesser eller bør dei ha eit vidare perspektiv?

**Med venleg skulehelsing**  
**Terje Helleland**